



Årsmøte 2021

Onsdag 10. mars 2021 kl. 18.00
Voss kulturhus

- Sak 1/21 Godkjenning av dei frammøtte representantane
- Sak 2/21 Godkjenning av innkalling, saksliste og dagsorden
- Sak 3/21 Val av møteleiar, referent og to protokollunderskrivarar
- Sak 4/21 Årsmelding 2020
- Sak 5/21 Revidert rekneskap
- Sak 6/21 Handlingsplan
- Sak 7/21 Budsjett
- Sak 8/21 Innkomne saker
- Sak 9/21 Val



Dei tre hovudoppgåvene til Voss kulturråd er å styrkja samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet i Voss herad, vera eit felles talerør for det frivillige kulturlivet, og å arbeida for å betra rammevilkåra for det frivillige kulturlivet i heradet.

Årsmelding 2020

Styret i Voss kulturråd var i meldingsåret samansett slik:

Styrelseiar Valborg Kløve- Graue

Styremedlem
Olav Seim
Peder Ringdal
Anne Arneberg
Laila Rynning Veum

Varamedlemmer Kåre Lie
Eli Stangeland

Valkomit 
Bridget Penny
Øystein Dahl
Ragnhild Blikberg

Revisor Margunn Blikberg Nordgård

Voss kulturråd har for tida 43 medlemslag og -organisasjonar.



Kulturrådet sitt arbeid i 2020

Styret har i meldingsåret hatt seks ordinære møte.

I januar hadde me i tillegg eit introduksjonsmøte med Trude Letnes, og i oktober hadde me eit møte med Trude Letnes og Silje S. Solstad om fordeling av koronamidlar.

Voss kulturkalender vart lansert på Voss kulturråd sitt årsmøte i 2018, og fungerer godt både som planleggingsreiskap og arrangementsoversikt.

Kulturkalenderredaksjonen var i 2020: Terje Nesthus (systemutviklar), Thor Morten Trå (Voss herad), Ida Dyrkorn Heierland (Osafestivalen), Knut Brunvoll (Voss gymnas), Siri Flatlandsmo (Voss utferdsdag) og Anne Arneberg (Voss kulturråd). Grunna pandemien har det diverre ikkje vore mye aktivitet verken i kulturlivet eller i kalenderen i meldingsåret. Kalenderen ligg no på Voss herad si heimeside, kultur idrett og fritid.

Ny heimeside

Datahove ferdigstilte ny heimeside til lansering på årsmøtet 2020. Sida skal gjera det enkelt å finna informasjon om Voss kulturråd sine medlemer, og ikkje minst utgjera ei innbydande plattform for å synleggjera den mangfaldige aktiviteten i lag og organisasjonar i Voss herad.

Gamlekinoen

Valborg Kløve-Graue og Peder Ringdal er Voss kulturråd sine representantar i arbeidsgruppa for oppussing av Gamlekinoen. Gruppa har hatt eitt digitalt møte dette meldingsåret.

Kulturprisen

Laila Rynning Veum er Voss kulturråd sin representant i utvalet som utarbeider nye retningsliner for den årlege kulturprisen. Styret føreslår å be Gunnar Kjerland utforma prisen (Granvin si utgåve) i overgangsåret, og at utforming av ny kulturpris vert lyst ut på nytt grunna få forslag. Styret ynskjer å fylgja tradisjonen med at vert utdelt under Fossegrimen sin jolekonsert.

Kulturminneplanen

Valborg Kløve-Graue er Voss kulturråd sin representant i referansegruppa for arbeidet med ny kulturminneplan. Gruppa hadde oppstartsmøte i Gamlekinoen 21. oktober 2020, med representantar for fire sogelag, Voss folkemuseum, Granvin bygddatun og Kulturminnevandringane på Voss. Planen vert voneleg ferdig vedtatt i november 2021.

Politisk notat, moglegheitsstudie, Voss ungdomsskule

Voss kulturråd var representert i referansegruppa for moglegheitsstudie,- utbygging av Voss ungdomsskule. Styret var samstemde om eit skriv til heradstyret der ein la vekt på løysingsforlag som opna for meir praktisk individtilpassa og interessebasert aktivitet både i skuletida og på ettermiddagstid. Det vart også lagt fram eit ynskje/forslag om at aktivitet og kunnskap i ulike lokale lag og organisasjonar vert meir nytta i skulekvardagen.

Referansegruppe for kulturmönstringshelg for barn og unge

Mange spennande planar på tvers av lag, organisasjonar og lokale kulturkrefter, men restriksjonar gjer at arrangementet vert utsett til hausten 2021

Elles

Voss kulturråd har gitt sine årlege tilrådingar i tildeling av kommunale kulturmidlar (mars og oktober), kulturstipend (mai) og kulturpris (desember).

Kulturstipenda 2020 gjekk til Wibke Lüders og Constanze Lid Almklov.

Kulturprisen for 2020 er grunna pandemien enno ikkje delt ut.

Styret har planar om å delvis legga styremøta utanfor Voss kulturhus, for å verta betre kjende med kulturen i heradet. Sommarmøtet var i Granvin, med omvising i Kulturbanken, Granvin bygdatun, Havaas-samlinga og Jaunsen gjestgjevarstad. Haustmøta vart lagt m.a. til Bergslitræet med orientering og omvising i sommarutstillinga, og Dagestadmuseet.

Rådet har også engasjert seg i diskusjonen rundt plasseringa av monumentet Ridande Vossabrudlaup.

Valborg Kløve-Graue
styreleiar

Olav Seim
styremedlem

Laila Rynning Veum
styremedlem

Peder Ringdal
styremedlem

Anne Arneberg
styremedlem



Handlingsplan 2021

- Presentasjon av alle som har fått kulturprisen i Granvin og Voss i foajeen i kulturhuset.
- Presentasjon av lag og organisasjonar same stad.
- Oppmoda Voss herad om å laga ein plan for forsvarleg ivaretaking av skulpturar og monument i det offentlege rom.
- Medlemsverving i Voss og Granvin.

Budsjett 2021

Ordinære driftskostnadar.